



Arkivnr: 2015/1160-10

Saksbehandlar: Ruth Ørnholst

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.03.2018

#### Evaluering av bokbåttenesta

##### Samandrag

Rammeavtale om kjøp av bokbåttenesta for Hordaland og Møre og Romsdal er inngått for perioden 01.09.2015 t.o.m. 31.08.2018. Avtaleperioden kan forlengast med ytterlegare eit år. Kunden må innan 3 månader før utløpet av avtalen varsle leverandøren om forlenging.

Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har bedt om sak om evaluering av bokbåttenesta sitt i mai-møte. Føremålet er å kunne gi beskjed innan 31.05.2018 om ein ønskjer å nytte seg av opsjon på forlenging av avtalen.

I samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar er det aktuelt å utgreie om bokbåten skal vere eit tilbod i det nye fylket.

På bakgrunn av dette er det ønskeleg å evaluere bokbåttenesta med tanke på å nytte opsjon på forlenging av avtalen, og på lengre sikt å utvide tenesta til å gjelde det nye fylket frå 1.januar 2020.

**Økonomi:** Evalueringa blir gjort innanfor driftsbudsjettet

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Drift og utvikling av bokbåten som eit utjamnande bibliotektilbod er eit tiltak i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

#### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling bed om at fylkesrådmannen gjennomfører ei evaluering av bokbåttenesta. Evalueringa skal gjere greie for om bokbåten si verksemeld har vore i samsvar med vedtekne intensionar og korleis bokbåten som bibliotek og formidlingsarena har utvikla seg.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at evalueringa vert samordna med prosess i Møre og Romsdal fylkeskommune

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 07.03.2018

Bokbåttenesta vart etablert i Hordaland i 1959. Samarbeidet med Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane starta i 1963, då «Epos» blei bygd for føremålet. Bokbåttenesta er modernisert og tilpassa øvrige bibliotektilbod i kommunane i dei 59 åra tilboden har eksistert. Ein kan observere at interessa har auka i Hordaland dei siste åra. Det er etablert nye stopp, med godt besøk og høgt utlån på kvar tur. Bokbåten «Epos» fungerer som kulturinstitusjon langs heile Vestlandskysten, og har medverka til positivt omdøme for fylkeskommunane.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 8.12.2014 å avvikle bokbåttenesta i Sogn og Fjordane frå 1.09.2015. Dei tre fylka hadde felles avtale om leige av bokbåten, og ei vidareføring av drifta i to fylke, vart handsama i fylkestinget i mars 2015 (PS 12/2015) med følgjande vedtak:

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 01.09.2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedtekne budsjett innan Bibliotek (740). Årleg kostnad for bokbåten vert handsama i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiling med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for fylkesutvalet til vedtak.

Fylkesutvalet godkjente i 27. august 2015 framlegg til rammeavtale om kjøp av bokbåttenesta for Hordaland og Møre og Romsdal (PS 220/2015). Avtalen er inngått for perioden 01.09.2015 t.o.m. 31.08.2018. Avtaleperioden kan forlengast med ytterlegare eit år. Kunden må innan 3 månader før utløpet av avtalen varsle leverandøren om forlenging.

Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune handsama i møte 7.februar 2018 sak om evaluering av bokbåttenesta, som skal leggjast fram for utvalet i mai-møtet. Føremålet er å kunne gi beskjed innan 31.05.2018 om ein ønskjer å nytte seg av opsjon på forlenging av avtalen.

Hordaland fylkeskommune vart ikkje gjort merksam på dette før saka var vedtatt.

I samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar er det aktuelt å utgreie om bokbåten skal vere eit tilbod i det nye fylket.

På bakgrunn av dette er det ønskjeleg å evaluere bokbåttenesta med tanke på å vurdere om ein skal nytte opsjon på forlenging av avtalen, og om det på lengre sikt er tenleg å utvide tenesta til å gjelde heile det nye fylket frå 1.januar 2020.

Evalueringa skal undersøkje om bokbåten si verksemeld i samsvar med vedtekne nasjonale og regionale mål for biblioteknester og korleis bokbåten som bibliotek og formidlingsarena har utvikla seg (utlån og besøkstal, stoppestader, aktivitet mv).